

---

**Saknr:** 2020/46287-1  
**Saksbehandlar** Karstein Oen  
**Dato:** 08.04.2020

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Bruk av mellombels tilsetting i VLFK - Rapport 2020

Det vert i denne saka rapportert på bruken av mellombelse tilsettingar i VLFK. Målsettinga er å gje eit oversyn over kor mange som går i mellombelse tilsettingstilhøve og ha fokus på om VLFK følgjer regelverket kring mellombels tilsetting.

Etter arbeidsmiljølova § 14-9 er det rettsgyldig å tilsetja mellombels i engasjement (arbeid av forbigående karakter), i vikariat og i praksisarbeid, i arbeidsmarknadstiltak og innafor ymse kunst-, kultur-, og idrettsoppdrag. Vidare er det ein regel i arbeidsmiljølova (§14-9, f) om at ein kan tilsette mellombels for ein periode inntil 12 månader på generelt grunnlag. Denne regelen vart ikkje praktiserast i tidlegare HFK og SFFK (fylkestingsvedtak) og skal heller ikkje praktiserast i VLFK.

Etter Aml § 14-9 skal arbeidsgjevar minst ein gong pr år drøfte bruken av mellombels tilsetting med dei tillitsvalde, m.a. grunnlaget for og omfanget av slike tilsettingar, samt konsekvensar for arbeidsmiljø.

### Vikariat

Vikariat (arbeid for ein annan person) er den vanlegaste forma for mellombels tilsetting. Talet på vikariat har auka med om lag 18 % i høve til registreringa i HFK i 2019 (manglar statistikk for SFFK) og det heng naturlegvis saman med samanslåinga av dei to fylkeskommunane frå 01.01.2020.

Tabell 1: Oversyn over vikariat i VLFK pr. 20.03.2020

Tilsettingsform	Tilsette	Årsverk	HFK 2019 tilsette
Vikariat	511	304	418

Tabell 2: Vikariat fordelt på sektor

Sektor	Tilsette	% fordeling	HFK 2019 tilsette
Opplæring <sup>1)</sup>	434	85 %	346
Tannhelse	41	8 %	38
Fylkesadm m.fl <sup>2)</sup>	36	7 %	34
TOTALT	511	100 %	418

<sup>1)</sup> eksklusiv opplæringsavdelinga

<sup>2)</sup> inkl. Eigedom (reinhold), skyss, Bybanen Utbygging

Som det går fram av tabell 2 er hovuddelen av vikariata, i alt 85 % knytt til opplæringssektoren dvs. vidaregåande skule, som er den klart største sektoren i VLFK i tal tilsette. Vikariata fordeler seg på

stillingsgruppene lærarar, miljøarbeidarar og anna personale i skulen med lærarar som den desidert største gruppa. Medan talet for opplæring har gått noko opp etter samanslåinga (med utgangspunkt i tal for HFK) er det ein svak auke for tannhelse og fylkesadministrasjonen.

## Engasjement

Dette er pr definisjon stillingar der oppgåvene er tidsavgrensa og skil seg frå det som ordinært vert utført i verksemda. Talet på engasjement har gått relativt mykje opp etter samanslåinga av dei to fylkeskommunane. Medan HFK hadde 73 registrert tilsette i engasjement i 2019 ( har ikkje tal for SFFK) er det no totalt 211 i VLFK jf. tabell 3.

Tabell 3: Oversyn over engasjement i VLFK pr. 20.03.2020

Tilsettingsform	Tilsette	Årsverk	HFK 2019 tilsette
Engasjement	211	134	73

Vi har ikkje noko eintydig forklaring på kvifor dette talet er så høgt, men det vi ser ved nærare undersøking er at tidlegare SFFK har hatt større prosentvis bruk av engasjement enn HFK. Det kan ha samband med at dei har hatt ein litt anna praksis enn HFK på koding i lønssystemet på mellombelse tilsettingstilhøve, at fleire av engasjementa i realiteten er vikariat eller sogar faste stillingar som ikkje er rydda. T.d. er alle hovudtillitsvalde i SFFK koda på engasjement.

Tabell 4: Engasjement fordelt på sektor

Sektor	Tilsette	% fordeling	HFK 2019 tilsette
Opplæring <sup>1)</sup>	137	65 %	45
Tannhelse	15	7 %	9
Fylkesadm m.fl <sup>2)</sup>	59	28 %	19
TOTALT	211	100 %	73

<sup>1)</sup> eksklusiv opplæringsavdelinga

<sup>2)</sup> inkl. Eigedom (reinhald), skyss, Bybanen Utbygging

På same vis som for vikariat er opplæringssektoren óg størst på bruk av engasjement. 65 % av engasjementa høyrer til denne sektoren. Ved nærare undersøking ser vi at mange av engasjementa er knytt til lærarstillingar som manglar godkjent pedagogisk utdanning. Ein del av desse er tilsett for skoleåret og ein del på vilkår av at dei fullfører den pedagogiske utdanninga innan 3 år. Vi ser óg at nokre som er registrert på engasjement, har resten av stillinga som fast fordi dei i botnen har heil stilling, men p.t. er trekt ut til eit mellombels oppdrag.

Engasjementa i tannhelse er hovudsakleg knytt til stipendiatstillingar og forskingskoordinatorstillingar ved TK-Vest.

Ser vi spesifikt på fylkesadministrasjonen fordeler engasjementa seg på avdelingane slik det går fram av tabell 5.

Tabell 5: Engasjement i fylkesadministrasjonen fordelt på avdeling

Avdeling	Tilsette	Merknad
ORO	27	I talet inngår 10 HTV frå tidlegare SFFK som er ført som engasjement, og 11 engasjement på Reinhald som går fram til 30.06.20
SUD	8	Talet er eksklusiv tannhelse
MOK	6	
INN	7	
OPK	4	
KII	5	
INV	0	

Vi har ikkje gjort noko nærare undersøking av om engasjementa i VLFK er rettsgyldige etter arbeidsmiljølova, men vi føreset at dei ansvarlege leiarane i VLFK følgjer regelverket på området. HR vil likevel gjere ei nærare vurdering av engasjementa for å sjå til at VLFK held seg innafør lovverket.

## Lærlingar

Talet på fylkeskommunale lærlingar i VLFK er p.t. 62. På same tid i fjor hadde HFK 46 og SFFK 22 lærlingar. Det har vore ei bevisst satsing på å auke talet på lærlingar dei siste åra. Så seint som i 2015 hadde HFK kun 20 lærlingar og SFFK 14.

Lærlingane fordeler seg på 8 fag. Det er innan dataelektronikerfaget og IKT servicefaget det er flest lærlingar med til saman 36. Dette utgjør 58 % av alle lærlingane. Deretter kjem kontor- og administrasjonsfaget med 11 lærlingar (18 %).

Tabell 6: Fordeling av lærlingar på fag

Fag	Tal
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	3
Byggdriftarfaget	5
Dataelektronikerfaget	16
Hestefaget	3
IKT servicefaget	20
Institusjonskokkfaget	2
Kokkfaget	2
Kontor- og administrasjonsfaget	11
<b>Totalsum</b>	<b>62</b>

VLFK har ei målsetting om å auke talet på fylkeskommunale lærlingar til 80 frå hausten 2020.